



Bygg & Rehabilitering As  
Johan Berentsens vei 41  
5160 Laksevåg

Referansar:

Dykkar:

Vår: 22/247 - 23/2129

Sakshandsamar:

Berit Karin Rystad

berit.karin.rystad@fedje.kommune.no

Dato:

21.04.2023

## Oppsummering frå synfaring 30. mars 2023

Torsdag 30.3.23 klokka 1145 gjennomførte Fedje kommune ei synfaring på Fabrikk 8 knytt til førehandsvarsel om pålegg om stans av bruk av tiltak (Med heimel i plan- og bygningslova §32-2, gjev ein med dette varsel om at Fedje kommune med heimel i plan- og bygningslova § 32-3, kan gjere vedtak om pålegg om stans av bruk av tiltak og tilbaketrekking av ferdigattesten, om tilhøvet ikkje er avklara innan 1. mars 2023).

På synfaringa deltok Tore Frugård, Tommy Lundervold frå Norconsult AS, Nordhordland og Gulen interkommunale brannførebyggjande avdeling (NGIB) v/Gjert Holtan og Ole Johan Ingebrigtsen og Fedje kommune v/Pål Holgersen og Berit K. Rystad.

Synfaringa var knytt opp mot lukking av avvik knytt til brannkonsept. Brannførebyggjande Avdeling fekk ikkje framlagt gjeldande brannkonsept, og kunne difor ikkje ta ein fullstendig kontroll av bygget. Det var avtalt at Frugård skulle sende brannkonsept på e post den 30.3.23. Det er gjort.

NGIB har sendt oppsummering av synfaringa til Fedje kommune, og brevet er lagt ved. For at Fedje kommune skal kunne trekke førehandsvarsel om pålegg om stans av bruk av tiltak må punkta i NGIB si tilbakemelding være ordna.

NGIB vil gjennomføre eit fullstendig branntilsyn når punkta i brevet er retta opp.

### **Me set ein frist for retting til fredag 5. mai 2023.**

Når det gjeld punkt om sløkkevatn (Brannkonsept frå Konsepta datert 28.03.2323, punkt 11-17 som gjeld sløkkevatn) så vil Fedje kommune følgje opp dette punktet og rapportere til NGIB.

NGIB visar til at saka etter deira syn framleis er ein byggesak og skal følgjast opp av byggjesaksavdelinga. Fedje kommune har handsama saka som byggesak (Ferdigattest - gbnr Fedje - 169/47 Kremmarholmen er gitt 05.01.23), og har konkludert med at saka er avslutta, og at førehandsvarsel no er knytt til brannkonseptet.

Med helsing

Berit Karin Rystad  
Kommunedirektør

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

Referat Fab 8 April 2023

**Kopi til:**

Chriss Bjørøy

Land & Strand Eiendom As

Hovedgården 38A 5307

Ask

**Mottakarar:**

Bygg & Rehabilitering As

Johan Berentsens 5160  
vei 41

Laksevåg